



J14-laget under Norway Cup

**J14-laget til Rosendal spelar laurdag ettermiddag klokka 13.30 meisterkamp på kunstgrasbana heime og det er 4 uskedelinger med på laget: Kari Bråtun, Katrine Yri Røssland, Anne Marte Zimmer og Ingebjørg Haugland.**

**Motstandaren er Hald/Telavåg/Skogsvåg og dette er semifinalen. Går kvinnherringane sigrande ut av oppgjeret, vil dei spela finale neste laurdag og då kan dei bli kringsmeistrar.**

- Jentene er svært gode, dei har gjort det skarpt i sin divisjon og dei gjorde det også skarpt i Norway Cup sist sommar. Då tapte dei 3-1 for Bergenslaget Gneist i 16-delsfinalen på Ekebergsletta.

Aller mest imponerte Ingebjørg Haugland, som scora mange mål og er utruleg lovande, seier Arvid Nes i Rosendal Turnlag til uskedalen.no

Trenar Magne Skår peikar på at jentene ikkje minst er flinke til å bruka kantane og han held fram at laget er aggressivt og godt. Men dei møter eit godt lag som har scora 116 mål og berre slept inn 4.

Også Trio har vunne sin avdeling og det kan difor ende med eit lokald Derby. Trio møter det sterke bergenslaget Arna Bjørnar på bortebane søndag ettermiddag.

Av Ola Matti Mathisen